

## Møtereferat

Dato: 19.04.2018

Emne:	<b>Referat for styremøte Vestkystparken 5. april 2018</b>	
Til stades:	Åge Landro, Per Frode Sandal, Anders Ege, Astrid Larsen, Øistein Aasland, Erik Steen Larsen, Britt Karen Spjeld, Jon Askeland, Øystein Dahle, Henry Tendenes, Thorsten Gøtterup, Hans Olav Sandvoll,	
Forfall:	Oddvin Øvernes, Jon Olav Runestad, Lilian Vangberg, Renate Møgster Klepsvik, Oddny Helen Turøy og Pål Morten Borgli	Sak: 2014/11775-28
Møtetid:	10.00- 14.00	Møtestad: Frilufthuset Orre

**Møteleiar:** Jon Askeland

**Referent:** Thorsten Gøtterup/ Britt Karen Spjeld

Synfaring av Solastranden og Orrestranda, ny svillesti og kanaliseringdømer.

Møte på Frilufthuset Orre og Utstilling ved Besøkssenter Våtmark Jæren.

Velkommen ved styreleiar i Jæren Friluftsråd

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste godkjennes, med kommentar om at årstallet på sakene i sakslista vert retta til 2018 og at vara skal stå på kopi på innkallinga.

**Sak 01/2018: Godkjenning av referat** frå styremøtet i Vestkystparken 1. november 2017.  
(vedlegg 1).

**Vedtak:** Styret godkjenner referatet.

**Sak 02/2018: Studietur 2018** til Lofoten og Vesterålen 29.08. – 31.08. 2018

Forslag til reiserute og program ble lagt fram på møtet og legges ved referatet (vedlegg 2). Innspel som kom fram under møtet vert implementert i programmet.

**Vedtak:** Styret sett av midlar til studietur til Lofoten og Vesterålen 29.08- 31.08 i budsjettet for 2018. Vestkystparken dekker reise, opphald og synfaringar i Lofoten/Vesterålen for styret og saksførebuande utval. Kvar enkelt aktør bestiller og betalar flyreise tur Leknes og retur frå Svolvær sjølv. I tillegg vert 1 person frå Miljødirektoratet, leiar for kvart ansvarlege politiske utval i kvar fylkeskommune,

og 1 frå Fjordkysten friluftsråd, Sunnmøre friluftsråd og Nordmøre og Romsdal friluftsråd inviterte med til sjølvkost.

#### **Sak 03/2018: Vestkystparken.no og forvaltningsløysninga**

Nettsida til Vestkystparken trengs å oppdaterast. Forvaltningsløysninga Avinet må evt. bli implementert i kvart friluftsråd for å kunne samkjøre for direkte overgang og oppdatering av data i Vestkystparken. Avklare om det blir i 2018 eller i 2019. BOF har sjekka med Asplan Viak om pris for ei utgreiing. Foreslår å sette av 20 000 kr til arbeidet i 2018, med ev. høgare kostnad i 2019.

**Vedtak:** Styret vedtek å sette av 20 000 kr til arbeidet for 2018. Styret invitere MD til å holde innlegg og diskutere forvaltningsløysningar på styremøtet til hausten.

#### **Sak 04/2018: Nytt krav til sertifikat for fritidsbåtar/ arbeidsbåtar**

Hans Olav orienterte på møtet. MD er i dialog med Sjøfartsdirektoratet om dei nye krava til utstyr og opplæring for bruk av arbeidsbåtane i Skjærgårdstjenesten. Dei nye krava vil vere veldig kostbare å implementere i Skjærgårdseinheitene og det vert arbeidd med å få forståing for Skjærgårdstjenesta sin arbeidskvardag. Saka omhandlar primært om anvendelse av nytt regelverk, økonomi og Skjærgårdstjenestens funksjonalitet for alle medlemskommunene (godkjente fartsområder). Det er foreløpig kommet signal på at vi for unntak for installasjon av Navtex.

**Vedtak:** Styret tok saka til orientering.

#### **Sak 05/2018: Regnskap 2017 og Budsjett 2018**

Regnskap for 2017 og budsjett for 2018 er vedlagt (vedlegg 3). Balansen frå 2017 på 92 865 kr vert overført til 2018. Semje om å setje av 200 000 kr i felles driftskostnadar.

Hordaland bevilga 1 530 000 kr til Vestkystparken. Rogaland bevilga 1 220 021 kr. I tillegg bidreg Rogaland fylkeskommune med 332 733 kr til Jæren friluftsråd. Samla gir det eit fylkeskommunalt tilskot på 2 750 021 kr. + 332 733 kr. Statstilskotet for 2018 utgjer 3 910 000 kr. Totalt er det til Vestkystparken for 2018 løyvd 6 660 021 kr + 332 733 kr til Jæren friluftsråd.

**Vedtak:** Styret godkjenner rekneskap for 2017 og budsjett for 2018, med følgande endringar.

- Ny post på 10 000,- til styremøter

- Differansen bli til ein post for uforutsette utgifter
- Under informasjonsmateriale vert «om marin forsøpling» tilføyd

Alle friluftsråda skal nytte malen frå MD når det vert sendt inn budsjettal som grunnlag for fordeling av statleg og fylkeskommunalt tilskot frå Vestkystparken. Sekretariatet tilgjengeleggjer denne for alle friluftsråda.

#### **Sak 6/2018: Utviding av Vestkystparken**

I samband med regionsreforma skal Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 2020 bli til «Vestland fylkeskommune». I den samanheng bør ei utviding av Vestkystparken nordover vurderast. Sogn og Fjordane har eit friluftsråd, Fjordkysten friluftsråd med 3 medlemskommunar. Dei 2 friluftsråda i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd kan og vere aktuelle kandidatar som operatørar for Skjærgårdstenesta. Om fleire aktørar skal inkluderast i samarbeidet er det ein føresetnad om friske driftsmidlar frå det offentlege.

Vestlandsrådet engasjerer seg sterkt i arbeidet mot marin forsøpling, og satsar på friluftsråda og Skjærgårstenesta som viktige verkemiddel i arbeidet.

**Vedtak:** Styret gir saksførebuande utval mandat til å gå nærare i dialog med dei nemnde aktørane for å greie ut ei mogleg utviding av Vestkystparken.

#### **Sak 7/2018: Nytt namn på Vestkystparken**

Namn og logo bør reflektere ei felles forståing av kva og kven Vestkystparken er. Mange kjenner til Skjærgårdstjenesten, men ikkje like mange er kjent med kva Vestkystparken er. Viktig også å sjå i samanheng med ei ev. utviding av Skjærgårdstenesta nordover. Under møtet kom det fram forslag om å endre namnet til Skjærgårdstjenesten Vest og at ein skal nytte felles nasjonal logo. Det kom også innspel om felles uniformering.

**Vedtak:** Styret gir saksførebuande utval mandat til å kome med forslag til ending av namn, logo og kommunikasjonsplaner.

#### **Sak 8/2018: Fjerning av føringar for båtbasert drift for å vere ein del av Skjærgårdstenesta**

Arbeidet med handlingsprogram for friluftsliv, marin forsøpling samt utvidinga av Skjærgårdstjenesta har aktualisert debatten om eit ev. behov for oppmjuking av

dei gjeldande føringane kring båtbasert drift i Skjærgårdstenesta – jmf. Jæren friluftsråd si rolle i samarbeidet.

Sett i samanheng med at det er viktig å skape ein berekraftig modell for maritim forsøpling. Vart fremja forslag om å invitere dei andre friluftsråda til eit felles drøftingsmøte ev. utfordre FL til å arrangere eit seminar for alle friluftsråd som har skjærgårdsteneste.

**Vedtak:** SU jobber frem forslag til modell for Skjærgårdstjenesten i forkant av neste styremøte. Både for oppgaver og tilskotsfordeling. Ryfylke friluftsråd tek initiativ til eit møte med Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet om vidareutvikling av Skjærgårdstjenesten under friluftskonferansen i 13.-15. juni i Alta. Direktør for Oslofjordens Friluftsråd Rune Svensson vert også invitert til å delta på møte.

## **Sak 9/2018: Eventuelt**

### **Orienteringssaker:**

- FL og Vestlandsrådet søker om statlege midlar til marin forsøpling v/ Åge
- Ressursar nytta til marin forsøpling i høve til primæroppgaver v/Åge
- Nasjonal og internasjonal konferanse/ seminar 25. – 26. april om arven etter plastkvalen v/ Åge
- Stikonferanse i Bergen 12-13 mars 2019 v/ Britt Karen
- Strandryddedagar 2018 v/alle friluftsråd
- Plastposefondet v/Åge
- Temakartportalen i Rogaland fylkeskommune inneheld forvaltningsplanar v/Thorsten
- Årsmelding frå friluftsråda Jæren og Ryfylket vart distribuert på møtet
- Bildekavalkade frå Jæren (fotograf Svein Oftedal)